



Eidsvik gjer det godt for tida og er på veg for fullt inn i offshore-marknaden. Her sveiser Wenche Skudal og Leif Atle Røssland davit-delar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også Uskedalverksemdene går godt for tida og både Eidsvik Skipsbyggeri og Hjørnevåg annonserar no etter fleire folk.

Kor mange det konkret kan komme til å dreia seg om er det vanskeleg å talfesta for Eidsvik, seier Ståle Hallingstad til uskedalen.no. Det avheng av kvalifikasjonane til dei som søkjer.

Men bedrifta, som neste år skal inn i offshore-sektoren for alvor, seier i annonsen at dei treng nye medarbeidarar innafor fagfelte industrirøyr, industrimekanikk og platefag. For tida har Eidsvik 58 tilsette og talet har auka noko i det siste.

I tillegg treng dei to medarbeidarar til styrking av administrasjonen, det vil seia ein kontormedarbeidar og ein prosjektmedarbeidar. Kontormedarbeidaren skal erstatta ein som går av med pensjon medan dei treng ytterlegare ein til å ta seg av nye prosjekt.

Det heiter i annonsen at Eidsvik vil prioritera søkjarar med fagbrev, men også vil vurdere søkjarar med relevant erfaring.

For få veker sidan fekk Eidsvik for første gong kontrakt på levering av ein supply-båt som dei skal i gang med neste år etter at nok ein fiskebåt er fullført.

Når det så gjeld Hjørnevåg, skal dei styrkje leiinga ved å ansetta ein fabrikkssjef, som blir dagleg leiar Marit Hjørnevåg sin nærmaste medarbeidar.

- Vi utvidar vår verksemd som følgje at auka ordremengde og nye utfordringar innan kvalitetssikring og organisering, heiter det i annonsen.

Fabrikkssjefen får ein nøkkelfunksjon med produksjons- og resultatansvar. Det er ønskjeleg at vedkommande har erfaring og fagleg kompetanse frå næringsmiddelindustrien, erfaring frå leiing og drift og evne til å planleggje og fordela arbeid. I tillegg må fabrikkssjefen vera resultatorientert.

Av Ola Matti Mathisen



Marit Hjønnvåg annonserer etter ein fabrikkssjef, som vil bli hennar nærmaste medarbeidar. (Foto: Ola Matti Mathisen)